

RETTLEIAR

Samarbeid mellom kommunale tenesteytarar om branntryggleik for risikoutsette grupper

August 2017



Gjeven ut av:

Direktoratet for
samfunnstryggleik
og beredskap

Rambergveien 9
3115 Tønsberg

Telefon 33 41 25 00
Faks 33 31 06 60

postmottak@dsb.no
www.dsb.no

Helsedirektoratet

Universitetsgata 2
0130 Oslo

Telefon: 810 20 050

postmottak@helsedir.no
www.helsedirektoratet.no

ISBN: 978-82-7768-484-0 (PDF)

Omslagsfoto: Colourbox.com

Grafisk produksjon: ETN Grafisk, Skien



Rettleiar

Samarbeid mellom kommunale tenesteytarar om branntryggleik for risikoutsette grupper

August 2017

01	Innleiing og definisjonar	7
1.1	Målgruppe for rettleiar.....	9
1.2	Definisjonar.....	9
1.2.1	Riskoutsette/sårbarer grupper.....	9
1.2.2	Heimebuande	10
02	Viktige element i eit systematisk branngryggleiksarbeid overfor risikoutsette grupper	11
2.1	Forankre.....	12
2.2	Kartleggje og hente inn kunnskap	12
2.2.1	Kartleggje risikoutsette grupper og personar.....	12
2.2.2	Risikovurdering	13
2.2.3	Kartleggje og utnytte eksisterande ressursar.....	14
2.3	Organisere og etablere samarbeids- og arbeidsrutinar	14
2.4	Kartleggje opplæringsbehov og syte for opplæringsplanar.....	15
2.5	Gjennomføre arbeidet.....	15
2.6	Evaluere og korrigere arbeidet.....	16
03	Ansvar og oppgåver til kommunen	19
3.1	Brannregelverk.....	20
3.1.1	Reguleringa av førebyggjande oppgåver.....	21
3.1.2	Feiarverksemda.....	21
3.2	Helse- og omsorgslovgjeving.....	21
3.2.1	Plikt til å tilby naudsynte helse- og omsorgstenester.....	22
3.2.2	Kravet til forsvarlege tenester.....	22
3.2.3	Tieiplikt.....	22
3.2.4	Tvangsvedtak etter pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A	24
3.2.5	Kvar går grensa for kva tiltak som kan brukast med heimel i kapittel 4 A?.....	24
3.2.6	Andre tvangsreglar i helselovgjevinga.....	25
3.2.7	Ansvaret til kommunane utover sjølv helsehjelpa til den enkelte brukar/pasient	25
3.3	Døme på bruk av regelverket.....	26
3.3.1	Dødsbrann i omsorgsbustad 6. desember 2005	26
3.3.2	Dødsbrann i eigen bustad 23. februar 2009	27
04	Praktiske døme og erfaringar	29
4.1	Døme på systematisk branngryggleiksarbeid i kommunane	30
4.1.1	Organisere.....	30
4.1.2	Forankre.....	31
4.1.3	Rutinar	31
4.2	Døme på tiltak	32
4.2.1	Kontaktpersonar i kommunane	33
4.3	Framlegg til tiltak tilpassa ulike risikofaktorar	34
05	Vedlegg	39
5.1	Rutinar i heimebasert omsorg (Trondheim kommune).....	40
5.2	Sjekkliste heimebasert omsorg (Trondheim kommune)	48
5.3	Samarbeidsavtale (Asker og Bærum brannvesen IKS - Asker og Bærum kommunar)	49
5.4	Samarbeidsavtale (Nedre Romerike brann- og redningsvesen IKS - Fet kommune)	54
5.5	Samarbeidsavtale (Nedre Romerike brann- og redningsvesen IKS - Rælingen kommune)	57
5.6	Utfordringar og risikofaktorar (skjema frå Rapport "Rett tiltak på rett stad (2015)"	60

FØREORD

I Noreg er personar i risikoutsette grupper overrepresenterte i bustadbrannar med dødeleg utfall. Som følgje av ei rekke reformer har ansvar og oppgåver blitt overførte frå spesialisthelsetenesta til kommunane, og dei kommunale heimetenestene har fått brukargrupper med meir fagleg krevjande og komplekse medisinske og psykososiale behov. Dette fører med seg at langt fleire personar med høgare risiko for å omkome i brann bur i eigen bustad eller omsorgsbustad enn tidlegare. Branntryggleiken i ein privat heim er i mange tilfelle dårligare tilpassa behovet til den einskilde enn han er i ein offentleg institusjon, og utgangspunktet i bygningsregelverket er at bebuaren skal kunne redde seg ut av bustaden ved eiga hjelp om det skulle oppstå ein brann.

Ei utvikling med fleire heimebuande personar i risikoutsette grupper vil kunne føre med seg ein monaleg auke i talet på omkomne i bustadbrann om det ikkje blir gjort målretta tiltak. Samarbeid mellom kommunale tenesteytarar som er i kontakt med personar i risikoutsette grupper er eit viktig tiltak for å betre branngryggleiken hos desse.

Direktoratet for tryggleik og beredskap (DSB) og Helsedirektoratet har samarbeidd om å lage denne rettleiarene som skal vere eit hjelpemiddel for kommunane i deira arbeid med å syte for god branntryggleik hos heimebuande personar i risikoutsette grupper. Ei referansegruppe bestående av representantar frå ulike tenester i fleire kommunar har gjeve innspel til rettleiarene.

Rettleiaeren er ei oppfølging av NOU 2012:4 *Trygg heime: Branngryggleik for risikoutsette grupper* (NOU Trygg heime) og rapporten «*Branngryggleik for risikoutsette grupper: Samarbeidsmoglegheiter mellom kommunale tenesteytarar*» (2014).

Juni 2017

Cecilie Daae

Cecilie Daae
direktør Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap

Bjørn Guldvog

Bjørn Guldvog
helsedirektør

01

Innleiing og definisjonar



Tre av fire personar som omkjem i brann tilhøyrer ei såkalla risikoutsett gruppe.¹ Ni av ti i desse risikogruppene omkjem i eigen heim, og mange mottek tenester i heimen frå kommunen. Auka samarbeid og god kommunikasjon mellom ulike kommunale tenesteytarar er viktige føresetnader for systematisk brannførebygging.

Fakta om dødsbrannar*

- I gjennomsnitt omkjem årleg 63 personar i brann (1979–2016), men det ser ut til å vere ein fallande tendens i talet på dødsbrannar.**
- 75 prosent tilhøyrer ei risikoutsett gruppe.**
- 80–90 prosent omkjem i bustad.**
- Fleire menn enn kvinner omkjem i brann.**
- Brannhyppigheita hos eldre over 70 år er nesten fem gongar høgare enn hos resten av befolkninga.**
- Komfyrbannar er ein vesentleg årsaksfaktor.**
- Fleire av dei som har omkome i brann mottok helse- og omsorgstenester frå kommunen.**

*Faktaboks basert på statistikk frå DSB

Kommunen er ilagt ei rekkje oppgåver etter fleire regelverk som rettar seg mot dei risikoutsette gruppene, og som direkte eller indirekte også skal ta hand om branngjeggleiken deira.

Kommunen skal mellom anna:

- kartlegge risiko for brann, herunder kartlegge risikoutsatte grupper,
- fastsette satsningsområder for prioritering av ressursbruk,
- planlegge og gjennomføre samarbeid og forebyggende tiltak.

Kommunen skal også syte for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Ansvaret omfattar også førebygging av skade som følge av brann. Oppgåvene og ansvaret til kommunen etter brannregelverket og helseregelverket er nærmare skildra i kapittel 3.

Denne rettleiaren skal vere eit hjelpemiddel i arbeidet til kommunen med å syte for god branngjeggleik hos personar i risikoutsette grupper som bur heime i eigen bustad, under dette omsorgsbustad eller annan kommunal bustad.

Rettleiaren:

- skildrar viktige element i eit systematisk branngjeggleksarbeid (kapittel 2)
- gjennomgår regelverk som skildrar oppgåver og ansvar som kommunen har (kapittel 3)
- gjennomgår regelverk om teieplikt og tvangsvedtak (kapittel 3)
- viser praktiske døme på arbeidsmåtar og tiltak frå ulike kommunar, og framlegg til tiltak tilpassa ulike risikofaktorar (kapittel 4)

Døme på samarbeidsavtalar, sjekkliste og anna hjelpeverktøy finst i vedlegg til rettleiaren.

Tilrådingane i rettleiaren byggjer på erfaringar frå kommunar som har sett i verk gode samarbeidsløysingar mellom ulike tenesteområde. Kommunane i Noreg er ulike, og har ulike føresetnader. Difor er det vanskeleg å fastseje ein bestemt modell eller foresla ei spesifikk løysing som kan passe alle kommunar. Rettleiaren gjev framlegg til måtar å løyse utfordringar på, og kan både brukast som hjelpemiddel ved etablering av systematisk branngjeggleik og i evaluering av det arbeidet ein eventuelt allereie har etablert.

¹ Definisjon i kapittel 1.2.1.

1.1

MÅLGRUPPE FOR RETTLEIAR

Rettleiarene rettar seg i hovudsak mot den politiske og administrative leiinga i kommunen, fagleiing innan relevante tenesteområde og andre som kan påverke og initiere eit systematisk arbeid som bidreg til betre samarbeid mellom kommunale tenester om branngryggleik for risikoutsette grupper. Vedlagde døme vil også kunne vere nyttige for tenesteytarar i kommunen.

1.2

DEFINISJONAR

1.2.1 RISIKOUTSETTE/SÅRBARE GRUPPER

SP Fire Research og NTNU Samfunnsforskning brukar omgrepet «sårbare grupper» i sin rapport² frå 2015 og definerer det på følgjande måte:

Grupper av menneske som av ulike årsaker har større sannsyn for å forårsake brann eller avgrensa evne til å:

- førebyggje brann
- oppdage brann
- varsle og sløkkje brann

Faktorar som svekkjer reaksjonsevna kombinert med faktorar som aukar sannsynet for brannstart, svekkjer branngryggleksnivået monaleg.³

Hovudkategoriar av risikofaktorar:⁴

- Nedsett fysisk funksjonsevne (syn, hørsel, rørsle).
- Nedsette kognitive evner (demens, psykisk helse, rus).
- Språk, kultur og haldningar osv. (minoritetsspråklege, nyleg busette flyktningar, gjestearbeidarar, studentar).

² Rett tiltak på rett stad, SP Fire Research AS og NTNU Samfunnsforskning (2015).


³ A. Steen-Hansen og K. Storesund, Brannsikkerhet for risikogrupper – en kunnskapsstatus, SINTEF NBLas, NBL A11121, September 2011.

⁴ Rett tiltak på rett stad, SP Fire Research AS og NTNU Samfunnsforskning (2015).

Risikoen enkeltmenneske har for å omkome i brann blir påverka av fleire tilhøve. Behovet til individet er sett i sentrum i figur 1, men figuren er også meint å illustrere at risiko for å omkome i brann også hengt tett saman med det fysiske miljøet (den tekniske tilstanden og dei branntekniske tiltaka til bustaden) og dei sosiale og organisatoriske omgjevnadene personen oppheld seg i (kommunen sine ulike tilbod, nabologat, det sosiale miljøet m.m.).

1.2.2 HEIMEBUANDE

Med heimebuande meiner vi her personar som bur i eigen bustad, omsorgsbustad eller annan kommunal bustad. Det avgrensast mot personar som bur i institusjon.



FIGUR 1. Tilhøve som påverkar risikoen for å omkome i brann i heimen.

02

Viktige element
i eit systematisk
branntryggleiksarbeid
overfor risikoutsette
grupper





FIGUR 2. Modell som viser viktige element i eit systematisk branntryggleksarbeid.

I dette kapittelet skildrast framlegg til korleis kommunen bør gå fram for å sikre vellykka gjennomføring av samarbeid om systematisk branntryggleksarbeid overfor risikoutsette grupper. Framlegga byggjer på erfaringar frå fleire kommunar. I framlegga ligg det også oppgåver som kommunen har ei plikt til å gjennomføre i høve til både brann- og helserelieverk, jf. nærmare skildring av kommunen sitt ansvar og oppgåver i kapittel 3.

2.1 FORANKRE

Det er viktig å sørge for at arbeidet med brannsikkerhet overfor risikoutsatte grupper har god forankring med nødvendig rolle- og ansvarsavklaring. Ledere har en avgjørende rolle i å starte opp og legge til rette for arbeidet. God forankring er viktig for å avklare sentrale spørsmål og for å forplikte relevante aktører i samarbeidet.

Viktige partar i forankringa

- Politiske organ.
- Administrativ og fagleg leiing.
- Fagpersonar.

2.2

KARTLEGGJE OG HENTE INN KUNNSKAP

Kartlegging og klårgjering av kunnskapsgrunnlaget er ein av dei første aktivitetane når rammer og mål for arbeidet skal fastsetjast. Både nasjonal statistikk og lokal statistikk og kunnskap som skildrar utfordringsbiletet er viktige kjelder til informasjon. God kommunikasjon mellom relevante tenesteområde er naudsynt for å få sams forståing av utfordringsbiletet og ei sams målforståing. Andre kjelder til informasjon kan vere litteratur og forsking.

2.2.1 KARTLEGGJE RISIKOUTSETTE GRUPPER OG PERSONAR

Kommunen skal kartlegge risikoutsette grupper som har særleg risiko for å omkomme i eller bli skadde av brann. Dette kjem fram av forskrift om brannforebygging. Kartlegginga bør ta utgangspunkt i etablert kunnskap om risikogrupper og føreset at kommunen gjennomfører lokale undersøkingar så langt det er naudsynt for å vurdere eigna tiltak overfor desse gruppene.

Kommunen skal også syte for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Ansvaret omfattar også førebygging av skadar som følger av brann.

Skadeførebygging overfor enkeltpersonar føreset at kommunen også har kjennskap til risikoutsette personar - ikkje berre grupper. Det er difor viktig at kartlegginga involverer tenester som har kunnskap på individnivå. Det kan i hovudsak delast inn i to målgrupper:⁵

1. Dei som er i kontakt med det kommunale tenesteapparatet/mottek kommunale tenester.
2. Dei som ikkje er identifiserte av nokon ut frå andre spesifikke omsyn, men som potensielt har behov for særleg oppfølging av branngrygleik i heimen på grunn av høg risiko (til dømes heimebuande eldre utan tenester frå kommunen).

Denne rettleiaren omfattar i all hovudsak samarbeid om risikoutsette personar som er i kontakt med det kommunale tenesteapparatet/mottek kommunale tenester.

Framlegg til metodar for identifisering⁶

- 1. Definere risikogrupper ut frå bestemte kriterium og starte opp systematisk, oppsøkjande verksemd overfor desse.**
Kriterium kan vere alder (t.d. gjennomføring av førebryggjande heimebesøk hos eldre), søkjarar/vedtak om/mottakarar av helse- og omsorgstenester i heimen og søkjarar/bebruarar i kommunal bustad/omsorgsbustad.
- 2. Definere risikogrupper ut frå bestemte kriterium som nemnt under punkt ein, og legge til rette for at dei yrkesgruppene som er venta å ha mykje kontakt med risikogruppene gjennomfører kartlegging hos brukarane sine (t.d. heimetenesta).**
- 3. Lage system og systematisk følgje opp bekymringsmeldingar frå personell i ulike sektorar eller frå privatpersonar. Det må takast stilling til kven som skal motta melding og korleis vidare oppfølging skal skje.**

2.2.2 RISIKOVURDERING

Gjennomføring av risikovurdering er utgangspunkt for prioritering av tiltak. Risikovurdering bør inkludere alle aspekt ved branngrisiko: *individuelle behov, fysisk miljø og sosiale/organisatoriske omgjevnader:*

RETT TILTAK PÅ RETT STAD	
Sosiale og organisatoriske omgjevnader	<ul style="list-style-type: none"> • Tilbod av offentlege tenester • Frivillig sektor • Sosialt nettverk
Fysisk miljø	<ul style="list-style-type: none"> • Bustadmasse • Buområde • Branntekniske tiltak
Riskoutsatte grupper	<ul style="list-style-type: none"> • Nedsett funksjonsevne • Nedsette kognitive evner • Språk, kultur og haldning

TABELL 1. Kjelde: *Rett tiltak på rett stad, SP Fire Research AS og NTNU Samfunnfsforskning (2015).*

Ei risikovurdering treng ikkje å vere komplisert. Ho kan gjerast i nokre få trinn:

1. Vurdere kva som kan gå gale/finne farekjeldene.
2. Vurdere kor stort sannsyn det er for at det kan gå gale.
3. Vurdere kva konsekvensen er om noko går gale.
4. Kartleggje kva tiltak som er sette i verk, og vurdere om nye tiltak bør setjast i verk.

Det leggjast til grunn at risikovurdering på individnivå og gjennomføring av dei aller fleste tiltak må vere basert på samtykke, og at naudsynt informasjonsplikt normalt kan delast internt i kommunen utan hinder av teieplikta. Det er særleg når det ikkje ligg føre eit gyldig samtykke at bruken av varslingsplikta blir aktuell. Meir om dette i kapittel 3.

⁵ NOU 2012:4 *Trygg heime*, s. 105–106.

⁶ NOU 2012:4 *Trygg heime*, s. 104.

2.2.3 KARTLEGGJE OG UTNYTTE EKSISTERANDE RESSURSAR

God utnytting av ressursane vil bidra til auka branntryggleik. Samarbeid og god kommunikasjon mellom ulike tenester kan også bidra til meir effektiv ressursbruk og oppgåveløsing, betre oversikt over kva tiltak som allereie er sette i gang og kva samarbeisarenaar som finst. Det bør gjevast god informasjon til tenestene som skal involverast i arbeidet og samarbeidet. Dette sikrar sams forståing for kvifor branntryggleik er eit innsatsområde i kommunen og kvifor det er viktig med brei involvering frå ulike tenester.

Tenester som bør inngå i eit samarbeid om risikoutsette grupper er mellom anna

- Brann- og redningstenesta.
- Feiing og tilsyn.
- Helse- og omsorgstenesta, under dette heimetenesta, rus- og psykisk helseteneste, ergoterapeut, miljøarbeidartenesta, tildelingseininga til kommunen/bestillarkontor, kommunelegen, fastlegen med fleire.
- Vaksenopplæringa.
- Flyktningetenesta.
- Bustadtildelingstenesta.
- Eigedomsforsvaltninga.
- Plan- og bygningstenesta.
- NAV, under dette hjelpemiddelsentralane.

Samarbeid med aktørar utanfor den kommunale forvaltninga vil også kunne forsterke innsatsen. Mange aktørar har samanfallande målsetjing om branntryggleik for dei risikoutsette gruppene slik som til dømes *Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE)*⁷ og ulike frivillige aktørar og brukarorganisasjonar. Brukarar sjølv og deira pårørande representerer også ein ressurs i branntryggleiksarbeidet.

2.3

ORGANISERE OG ETABLERE SAMARBEIDS- OG ARBEIDSROUTINAR

Kommunen bør syte for ein samarbeidsmodell som skaper ei overbygning og faste kontaktpunkt mellom relevante tenester som er i kontakt med risikoutsette grupper. Ansvarstilhøve bør slåast fast og arbeidsdeling og formelle styringslinjer fastleggjast. Dette gjev stabile og gode rammer for oppgåveløsing og informasjonsflyt, og bidreg til enklare vedtaksprosessar.

Det kan i ein oppstart vere riktig å opprette ei arbeidsgruppe med god leiingsforankring som har eit overordna ansvar for å planleggje arbeidet og syte for at arbeidet følgjast opp ute i tenestene. Arbeidsgruppa bør bestå av representantar frå relevante tenester. Brukarrepresentantar kan også vurderast med i ei slik gruppe.

Det bør etablerast gode samarbeids- og arbeidsrutinar mellom og i relevante tenester. Samarbeids- og arbeidsrutinar bør vere skriftlege. Ein bør også sjå til at rutinane avklarer sentrale utfordringar ved gjennomføring av arbeidet og samarbeidet og at rutinane er tilgjengelege og forankra hos samarbeidande aktørar. Det er føremålstenleg å skilje mellom samarbeidsrutinar og arbeidsrutinar:

Samarbeidsrutinar

Rutinar for arbeidsorganisering som skildrar retningslinjer for samarbeidet, korleis samarbeidet skal utførast og ansvar og oppgåver til samarbeidande aktørar. Ei samarbeidsroutine kan til dømes skildre kriterium for kva tid og korleis informasjonsdeling skal skje mellom ulike kommunale tenesteytarar.

Arbeidsrutinar

Rutinar som skildrar praktisk gjennomføring av oppgåver. Dei kan vere instruksar, framgangsmåtar, hugselister, sjekklistar og liknande.

⁷ Det lokale elektrisitetstilsyn (DLE) ved nettselskap utøver tilsyn med elektriske lågspenningsanlegg i bustader og verksemder i tillegg til elverksemder.

2.4

KARTLEGGJE OPPLÆRINGSBEHOV OG SYTE FOR OPPLÆRINGSPLANAR


Kommunen må avklare opplæringsbehovet og syte for opplæringsplanar som sikrar at tilsette har naudsynt kompetanse til å ta hand om arbeidsoppgåvane sine knytte til branngryggleik for risikoutsette grupper. Tilstrekkeleg kunnskap i leiinga og i ulike delar av utførarapparatet sikrar ei sams plattform for kommunikasjon, prosessar, erfatingsutveksling, informasjonsdeling og gjennomføring av tiltak.

2.5

GJENNOMFØRE ARBEIDET

Når arbeidet er planlagt og naudsnyt kartlegging og risikovurdering er gjort, skal praksis, rutinar og arbeidsoppgåver implementerast og gjennomførast i tenester som er råka.

Prosesskildringar kan vere eit godt hjelpemiddel for å få oversikt over kva delmoment som bør inngå for å få god arbeidsflyt i gjennomføringa. Dei ulike delmomenta kan brytast ytterlegare ned slik at alle involverte kan sjå si eiga rolle. Sjå døme på prosesskildringar i figur 3 og 4.



FIGUR 3. Proseskildring for arbeidet i Malmø og Kävlinge kommune. Kjelde: Brandsäker bostad för alla, MSB (2013).


Det bør fastsetjast satsingsområde, og samarbeid og tiltak må planleggjast for å redusere den kartlagde risikoen for brann på ein effektiv måte. Tiltaka kan vere retta mot risikoutsette grupper, personar, bygg og butilhøve og sosiale omgjevnader.

I vurderinga av tiltaksbehov og tiltak på individnivå, kan det vere nyttig å ta utgangspunkt i eigenskapar ved dei ulike personar og grupper med direkte betydning for tryggleiksnivået. Kommunen bør lage ei inndeling som fokuserer på dei kjenneteikna tiltaka skal kompensere for. I vedlegg til denne rettleiaren finst ein tabell som kan vere eit hjelpeverktøy for planlegging og prioritering av tiltak hos personar med ulike risikofaktorar.

2.6

EVALUERE OG KORRIGERE ARBEIDET

Det brannførebyggjande arbeidet må evaluera. Det bør utarbeidast rutinar som sikrar at evalueringane faktisk blir utførte, at dei har tilfredsstillande omfang og kvalitet og at resultatet frå evalueringane blir brukte til forbetring av det førebyggjande arbeidet. Spørsmålet som bør stillast ved evaluering er kva meininga med evalueringa skal vere.



FIGUR 4. Prosesskildring for samarbeid mellom helse og brann om identifikasjon og oppfølging av risikoutsette grupper.
Kjelde: NOU 2012:4 Trygg heime.

Kva ønskjer ein å oppnå? Det kan til dømes stillast fire ulike spørsmål som leier i ulike retningar:⁸

1. Oppnår vi det vi bestemte oss for, og kva tid når vi måla våre?
2. Kva med brukarane og deira interesser?
3. Kva kan vi lære av arbeidsprosessane som skjer under intervensionen?⁹
4. Kva får vi att for den innsatsen vi legg inn i intervensionen?

Om arbeidet og tiltaka som er sette i verk fungerer tilfredsstillande, er det viktig å syte for at eventuell ny praksis innførast i vanleg drift og at denne oppretthaldast. Kanskje viser evalueringa at det er behov for korrigering og justering. Då er det viktig at kommunen har gode rutinar som sikrar at ein gjenomfører naudsynt justering.

⁸ Sidsel Sverdrup, Evaluering (2002).

⁹ Intervasjon betyr her tiltak som setjast i verk for å skape endring.

KAPITTEL

03

Ansvaret og
oppgåver til
kommunen



Kommunen er pålagd ei rekke oppgåver etter fleire regelverk som direkte eller indirekte skal ta hand om branngryggleiken hos risikoutsette grupper.

Sentralt regelverk på området

- **Brann- og eksplosjonsvernlova**
- **Forskrift om branngførebygging**
- **Helse- og omsorgstenestelova**
- **Helsepersonellova**
- **Folkehelselova**
- **Forskrift om habilitering og rehabilitering**
- **Pasient- og brukarrettslova**
- **Lov om psykisk helsevern**
- **Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta**

Etter *brann- og eksplosjonsvernlova* og *forskrift om branngførebygging* skal kommunen mellom anna etablere og drifta eit effektivt brannvesen, kartleggje risiko for brann, under dette kartleggje risikoutsette grupper, fastsetje satsingsområde for prioritering av ressursbruk og planleggje og gjennomføre samarbeid og førebyggande tiltak.

Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta stiller krav til at verksemder i helse- og omsorgstenesta har styringssystem som bidreg til fagleg forsvarlege helse- og omsorgstenester, og at det arbeidast systematisk med kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik. Styringssystem er eit leiingsverktøy som handlar om den interne styringa og kontrollen av verksemduene, eit hjelpemiddel for styring og utvikling av den daglege drifta. Styringssystemet skal omfatte alle delar av verksemda. Den som har det overordna ansvaret for verksemda skal med støtte i styringssystemet planleggje, gjennomføre, evaluere og korrigere aktivitetane til verksemda slik at ho drivast forsvarleg. Dette omfattar mellom anna den delen av kommunen si verksemd som skal syte for forsvarlege tenester overfor risikoutsette grupper. I dette ligg ei plikt til å vurdere styringssystemet/internkontrollen kontinuerleg for å fange opp eventuelle manglar. Minst ein gong i året skal det også gjerast

fullstendig gjennomgang og revisjon av heile det systematiske arbeidet.¹⁰

I det vidare gjevast det ei nærmare skildring av ansvaret til kommunen etter brannregelverk og helse- og omsorgslovgjevinga.

3.1

BRANNREGELVERK

Brann- og eksplosjonsvernlova er den sentrale lova på brannområdet. Lova gjeld alminnelege plikter til å førebyggje brann og eksplosjon, og ho gjeld sentral og lokal organisering og gjennomføring av brann- og eksplosjonsvernarbeidet.¹¹ Branngryggleiken til risikoutsette grupper er eitt av fleire omsyn som dei generelle pliktene i lova skal ta hand om.

Alle kommuner skal sørge for etablering og drift av et brannvesen som kan ivareta forebyggende og beredskapsmessige oppgaver etter loven på en effektiv og sikker måte.¹² Det er relativt detaljerte krav til organisering, utrusting og bemanning av brann- og redningsvesena. Det er eit generelt krav at den forebyggjande avdelinga til brannvesenet er slik bemanna og har slik kompetanse at dei krava som stillast til gjennomføring av førebyggjande og kontrollerande oppgåver oppfyllast.¹³ Som eit minstekrav skal det utførast minst eitt årsverk brannførebyggjande arbeid per 10 000 innbyggjarar i kommunen eller brannvernregionen. Andre oppgåver brannvesenet tek på seg, krev ytterlegare ressursar.

¹⁰ Forskrift om leiing og kvalitetsforbetring i helse- og omsorgstenesta § 8 f.

¹¹ Brann- og eksplosjonsvernlova § 2 første ledd.

¹² Brann- og eksplosjonsvernlova § 9 første ledd.

¹³ Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen § 3-2.

3.1.1 REGULERINGA AV FØREBYGGJANDE OPPGÅVER

Etter forskrift om brannførebygging har kommunen ei konkret plikt til å kartlegge utsette grupper som har særleg risiko for å omkome i eller bli skadd av brann og til å planlegge samarbeid.¹⁴

Plikta rekkjer likevel ikkje så langt at kommunen må kartlegge enkelpersonar som har ein særleg risiko for å omkome eller blir skadde i brann. Her trer anna regelverk inn, jf. kapittel 3.2.

Dei generelle pliktene til å planleggje det førebyggjande arbeidet og fremje branngjeggleik gjennom planleggings- og avgjerdss prosessar i og utanfor kommunen vil også kunne bidra til eit sterkt samarbeid om risikogruppene.¹⁵ Det same gjeld plikt til å evaluere det førebyggjande arbeidet. Kommunane vil med dette både ha plikter og fridom til å ta hand om branngjeggleiken til risikogruppene på ein føremålstenleg og effektiv måte, uavhengig av korleis kommunen er organisert.

3.1.2 FEIARVERKSEMDA

Det kan sjå ut til å vere føremålstenleg i større grad å rette feiarressursane mot risikogruppene, både til kartlegging av risiko og gjennomføring av tiltak. I *brann- og eksplosjonsvernlova* har kommunen heimel til å fastsetje forskrift om gebyr for gjennomføring av feiring og tilsyn med fyringsanlegg. Gebyret kan ikkje overstige kostnadene til gjennomføring av tenestene (sjølvkostprinsippet). Det treng ikkje å vere nokon samanheng mellom det finansielle skiljet mellom tenestene og måten kommunen organiserer gjennomføringa av dei på. Kommunen står fritt til å plassere feiarane kvar han vil i organisasjonen, og til å la feiaren gjennomføre andre førebyggjande oppgåver enn feiring og tilsyn med fyringsanlegg. Vilkåret er likevel at ein legg sjølvkostprinsippet til grunn.

Som utgangspunkt er heimelsgrunnlaget i *brann- og eksplosjonsvernlova* avgrensa til særskilde branobjekt og fyringsanlegg. Kommunen kan likevel gjennom lokal forskrift eller enkeltvedtak vedta at det skal førast tilsyn med andre byggverk eller liknande.¹⁶

3.2 HELSE- OG OMSORGSLOVGJEVING

Helse- og omsorgstenestelova pålegg kommunen å syte for at personar som oppheld seg i kommunen får tilbod om naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Dette ansvaret omfattar også skadeførebygging, under dette førebygging av skade som følge av brann.

Helse- og omsorgstenesta og helsepersonell har ei unik rolle i kontakten sin med befolkninga. På bakgrunn av møtet sitt med pasientar og brukarar, får helse- og omsorgstenesta eit godt innblikk i privatlivet til enkeltmenneske. Dette er informasjon som vil kunne vere nyttig i eit ålment branngjeggleksperspektiv. Samfunnsoppdraget til helse- og omsorgstenesta er å tilby og yte helse- og omsorgstenester til befolkninga.

Helselovgjevinga regulerer ansvaret til helse- og omsorgstenesta for helse- og omsorgstenester og helsepersonellet sine plikter i ytinga si av helsehjelp. Reguleringa seier noko om kva som skal og kan forventast av helse- og omsorgstenesta i å bidra til å trygge branngjeggleiken for pasientane og brukarane sine i samband med yting av helse- og omsorgstenester til den enkelte. Helsehjelp er definert i *helsepersonellova § 3, 3. ledd* som handlingar som har førebyggjande, diagnostisk, behandlande, helsebevarande, rehabiliterande eller pleie- og omsorgsføremål og som utførast av helsepersonell.

¹⁴ Forskrift om brannforebygging §§ 14 og 15.

¹⁵ Forskrift om brannforebygging §§ 15 og 19.

¹⁶ Brann- og eksplosjonsvernlova § 13 fjerde ledd.

3.2.1 PLIKT TIL Å TILBY NAUDSYNTE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

Kommunen har plikt til å tilby naudsynte helse- og omsorgstenester for dei som oppheld seg i kommunen.¹⁷ Tenestene som tilbydast skal vere forsvarlege.¹⁸ Det fører med seg ei plikt for helse- og omsorgstestenesta til å gjere konkrete vurderingar av kva som er eit forsvarleg og naudsyt tenestetilbod til den enkelte pasient/brukar i den konkrete situasjonen. Eit aktuelt spørsmål i branntryggleikssamanhang vil vere om det er forsvarleg å tilby pasient/brukar tenester i heimen som alternativ til tilbod om institusjonsplass. Det må gjerast ei vurdering av helsetilstanden til pasient/brukar, kva tenester vedkomande har behov for og kva tenester det er forsvarleg å tilby. Her vil evna til pasienten/brukar til å ta hand om seg sjølv og evna til å syte for eigen branntryggleik vere eit av fleire vurderingstema.

For å sikre at helse- og omsorgstenesta er forsvarleg må det gjerast ei fortløpende vurdering slik at endringar i behov blir fanga opp.

Kommunen har vidare plikt til å syte for formidling av naudsynte hjelpemiddel og å leggje til rette miljøet rundt den enkelte brukar/pasient i samband med at det ytast helse- og omsorgstenester.¹⁹ Kommunen skal vurdere hjelpemiddel som eitt av fleire alternative tiltak på grunnlag av dei samla helsebehova til brukaren/pasienten. Konkrete døme kan vere behov for brannvarsling med lys/lyd eller komfyrvakt.

3.2.2 KRAVET TIL FORSVARLEGE TENESTER

Helsepersonellova regulerer yrkesutøvinga til helsepersonell og stiller plikter og krav til det enkelte helsepersonell i samband med yting av helsehjelp, mellom anna stillast grunnleggjande krav om forsvarlege tenester og at helsehjelp som ytast skal vere forsvarleg.²⁰ Det vil mellom anna seie at helsehjelpa blir gjeven på ein slik måte at branntryggleiken til brukar/pasient blir teken vare på. *Helsepersonellova* og *tenestelovgjevinga* stiller krav til at verksemda organiserast slik at helsepersonell kan

overhalde dei lovpålagde pliktene sine, under dette kravet til forsvarlege tenester.²¹ Kravet til forsvarlege tenester tilseier at helsetenesta eller helsepersonell kan kome i situasjonar der det må setjast inn tiltak eller søkjast alternative behandlingsmåtar for at helsehjelpa skal oppfylle kravet til forsvarlege tenester ut frå brannvernomsyn. Sjå døme på ei slik vurdering på side 24: «Kvar går grensa for kva tiltak som kan brukast med heimel i kapittel 4 A?».

3.2.3 TEIEPLIKT

Helsepersonell har *teieplikt* om personlege opplysningar dei får kjennskap til i kraft av å vere helsepersonell.²² Tilsvarande har pasient- og brukar rett til vern mot spreiling av dei same opplysningane.²³

Teieplikta er grunngjeven i omsynet til pasientar sitt behov for å verne om personlege opplysningar, pasientar sin integritet og omsynet til at pasientar skal ha tillit til helsepersonellet og helse- og omsorgstenesta. Helseopplysningar er sensitive opplysningar som krev særleg vern fordi det gjeld private opplysningar som vi som enkeltpersonar ønskjer å ha kontroll over sjølv. Vilkåra i teieplikta skal hindre at hjelpetrengande unnlet å oppsøkje helse- og omsorgstenesta ved behov for helsehjelp av frykt for uønskt spreiling av opplysningar. Vidare skal teieplikta bidra til at pasientar vil gje frå seg dei opplysningane om seg sjølv og helsetilstanden som er naudsyt for at helse- og omsorgstenesta/helsepersonellet blir i stand til å yte forsvarleg helsehjelp. Pasientar skal kjenne seg trygge på at opplysningar som blir gjevne i samband med helsehjelp ikkje brukast i andre samanhengar og utleverast til uvedkomande.

Teieplikta gjeld opplysningar om «lekams- eller sjukdomstilhøve eller andre personlege tilhøve».²⁴ Opplysningar om lekams- eller sjukdomstilhøve vil vere opplysningar om helsesituasjonen og sjukdomstilhøva til den enkelte, enten det er av psykisk eller fysisk karakter. Opplysningar om andre personlege tilhøve vil vere opplysningar om tilhøve som er knytte til den einskilde person.

¹⁷ Helse- og omsorgstjenestelova § 3-1.

¹⁸ Helse- og omsorgstjenestelova § 4-1, jf. *helsepersonellova* § 4.

¹⁹ Forskrift om habilitering og rehabilitering § 9.

²⁰ *Helsepersonellova* § 4.

²¹ *Helsepersonellova* § 16, i helse- og omsorgtjenestelova § 4-1, spesialhelsetjenestelova § 2-2.

²² *Helsepersonellova* § 21.

²³ *Pasient- og brukerrettighetslova* § 3-6.

²⁴ *Helsepersonellova* § 21.

Det vil særleg vere opplysningar om sosiale tilhøve, økonomiske tilhøve, familie- eller tilhøve knytte til heim.

Om pasienten samtykker kan helsepersonell gje opplysningar som elles er underlagde teieplikta vidare til tredjemann.²⁵ Det betyr at om pasienten samtykker til at helsepersonell deler eller vidareformidlar informasjon til brann- og redningsvesenet der dette er naudsynt for å førebyggje brann eller brannfare, er ikkje teieplikta til hinder for dette. Dei færraste pasientar og brukarar vil motsetje seg eit samarbeid mellom helse- og omsorgstenesta og andre etatar om dette er naudsynt for ein trygg kvardag.

Helsepersonell kan i verksemda si oppleve å få kjennskap til ting om liv og helse til pasientar som tilseier at opplysningar må gjevast vidare for å hindre at alvorleg skade eller ulykke skal skje og der pasient eller brukar ikkje samtykker til at helsepersonellet vidareformidlar opplysningane. Det er difor gjeve lovbestemte unntak frå teieplikta, og helsepersonell vil som følgje av det i somme situasjonar ha *plikt* og i andre situasjonar *rett* til å gje opplysningane vidare til andre uavhengig av samtykke frå pasienten.

Helsepersonellova § 31 pålegg helsepersonell ei plikt til å varsle politi eller brannvesen når slik varsling er naudsynt for å avverje alvorleg skade på person eller eigedom. *Teieplikta* skal setjast til side ved fare for tryggleiken til personar eller om det ligg føre fare for auka skadeomfang, om bistand frå andre nødetatar ikkje hentast inn. Vilkåret om at skaden som skal søkast avverja er alvorleg, vil seie at vilkåret i hovudtrekk er ei presisering av nødrett.

Kor vidt helsepersonellet har plikt til å gje opplysningar må baserast på ei konkret vurdering av den aktuelle situasjonen. Det vil vere avgjerande for vurderinga kor sannsynleg det er at handlinga kjem til å skje eller at skade vil oppstå og kor stort skadeomfanget vil kunne bli. På bakgrunn av den erfaringa helsepersonellet har med pasienten (både no og tidlegare), må dei vurdere om det er mogleg at vedkomande vil valde ein alvorleg skade. Graden av uvisses i høve til om handlinga vil skje, og storleiken på skadepotensialet vil

vere viktige moment i vurderinga av om det ligg fore ei plikt til å melde frå. Helsepersonellet må også leggje vekt på kva dei teiebelagde opplysningane vil ha å seie for å kunne avverje skade eller avgrense skadeomfanget i den konkrete saka.

Varslingsplikta vil også kunne ta til å gjelde utanfor akutte situasjonar. Det vil då stillast større krav til vurderinga til helsepersonellet før varsling, fordi ein i desse situasjonane normalt vil ha meir tid til å kunne undersøkje situasjonen.

I situasjonar der helsepersonellet er usikre på om det ligg føre varslingsplikt, er det mogleg å diskutere saka på generelt grunnlag utan å identifisere pasienten/brukaren.

Det er også gjeve eit unntak frå teieplikta i *helsepersonellova § 23 nr. 4* som gjev helsepersonell rett til å gje opplysningar vidare «når tungvegande private eller offentlege interesser gjer det rettmessig å gje opplysningar vidare». Til forskjell frå plikta til å gje opplysningar vidare som følge av *helsepersonellova § 31*, vil dette vilkåret seie at helsepersonell har rett til å gje opplysningar vidare under visse føresetnader. Unntaket er eit ålment unntaksvilkår frå teieplikta og er ikkje knytt til at opplysningar skal gjevast til konkrete mottakarar, som tilfellet er for § 31 der plikta til informasjonsformidling berre gjeld overfor politi og brannvesen. Om vilkåra i § 23 nr. 4 er oppfylte, vil helsepersonell ha rett til å gje opplysningar vidare både til brannvesen, politi og andre aktuelle instansar.

Grunngjevinga for å setje teieplikta til side og vidareformidle informasjon er for å redusere risiko for skadar av eit visst alvorleg omfang. Unntaket vil kunne omfatte situasjonar med truande farar og vil i utgangspunktet gjelde fare for menneskeliv og helse, men vil også kunne omfatte tunge interesser utover det. Omsyna og interessene som talar for å setje teieplikta til side må vege vesentleg tyngre enn omsyna som talar for å bevare tagnad, ålment sett vil dette dreie seg om nødrettsvurderingar. Kor stor risikoen er for at ei handling eller eit livsmønster vil få store skadevaldande konsekvensar, må vurderast opp mot omsyna som teieplikta er meint å ta hand om.

²⁵ Helsepersonellova § 22.

3.2.4 TVANGSVEDTAK ETTER PASIENT- OG BRUKARRETSLOVA KAPITTEL 4 A

Ein kan som hovudregel berre gje helsehjelp med samtykke frå pasienten med mindre det ligg føre lovheimel eller anna gyldig rettsgrunnlag for å gje helsehjelp utan samtykke.²⁶

Nokre tilstandar kan medføre at pasienten si evne til å ta avgjerder i spørsmål som vedgår eiga helse svekkast og kan bortfalle enten for nokre eller for alle område. Det vil seie at pasienten si evne til å samtykke til helsehjelp er redusert eller har falle bort.²⁷

Somme pasientar som manglar samtykkekompetanse motset seg helsehjelp utan å forstå konsekvensane av det. Sett i eit branngryggleiksperspektiv kan dette til dømes vere pasientar som ikkje lenger kan ta hand om seg sjølve i eigen heim, men som ikkje sjølve forstår konsekvensane av å motsetje seg naudsynt helsehjelp. Dette kan både vere helsehjelp av førebyggjande art som til dømes installering av komfyrvakt, eller meir inngrinande helsehjelp som innlegging på institusjon.

Pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A har vilkår som gjev helsepersonell, på strenge vilkår, heimel for å yte somatisk helsehjelp til pasientar som manglar samtykkekompetanse og som motset seg helsehjelpa. Reglane omfattar, i tillegg til personar med demens, også personar med psykisk utviklingshemming eller fysiske eller psykiske forstyrningar som svekkjer samtykkekompetansen. Reglane skal sikre denne gruppa forsvarleg helsehjelp samstundes som vilkåra skal førebygge og avgrense bruken av tvang.

Det at pasienten er vurdert til ikkje å ha samtykkekompetanse er i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg for at det kan setjast i verk tvangstiltak. Det er eit vilkår²⁸ at før det kan ytast helsehjelp som pasienten motset seg skal helsepersonellet leggje tilhøva best mogleg til rette slik at helsehjelpa kan ytast utan at det er naudsynt med bruk av tvang. Om pasienten framleis motset seg helsehjelpa er det tilgang til å gje helsehjelp med tvang om unnlating kan føre til vesentleg helseskade for pasienten sjølv og helsehjelpa blir rekna som naudsynt. Helsepersonellet må vurdere

om tiltaket står i samsvar med behovet for helsehjelp. Helsehjelpa skal berre gjevest der ho framstår som den klart beste løysinga for pasienten og tvangstiltaket som brukast skal vere minst mogleg inngrinande for vedkomande.²⁹ Helsepersonellet som er ansvarleg for helsehjelpa skal treffe vedtak om tvunge helsehjelp etter vilkåra i lova.³⁰

3.2.5 KVAR GÅR GRENSA FOR KVA TILTAK SOM KAN BRUKAST MED HEIMEL I KAPITTEL 4 A?

Om vilkåra er oppfylte kan helsehjelpa gjennomførast med tvang eller andre tiltak for å omgå motstand.³¹ Når det gjeld grensene for kva tvangstiltak som kan brukast med heimel i *kapittel 4 A* kan det generelt seiast at lovtilkåret ikkje spesifiserer kva tiltak som kan brukast. Det er i utgangspunktet gjeven ei vid ramme så lenge tiltaket er i samsvar med vilkåra i *kapittel 4 A* elles, i samsvar med anna lovgjeving, samt er fagleg og etisk forsvarleg. Det er likevel slik at enkelte tiltak er så inngrinande at lovgjevar har funne det naudsynt uttrykkeleg å lovfeste tilgangen til å setje desse i verk. Det gjeld innlegging og tilbakehalding i institusjon, rørslehindra tiltak (sengehest, belte og liknande) og bruk av varslingssystem.

Tilgangen til bruk av desse tiltaka er uttømmande regulert i loven.³² Det er uansett eit krav om å velje det tiltaket som er minst inngrinande for pasienten.

Føremålet til helsehjelpa er mellom anna å hindre vesentleg helseskade for pasienten sjølv. I denne samanhengen vil helsehjelpa vere å førebyggje eller forhindre brannskade. *Tvangsvilkåra i kapittel 4 A* kan som nemnt heimle tiltak som til dømes innlegging i institusjon. Det må likevel gjerast ei konkret vurdering av om tiltaket er tilstrekkeleg og forsvarleg for å forhindre helseskade.

Helsedirektoratet har i ei [tolkingsfråsegn frå 1. februar 2012](#) vurdert at sanering eller opprydding av huset til pasienten er eit for inngrinande tvangstiltak etter vilkåra i *pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A*.

²⁶ Pasient- og brukarrettslova § 4-1.

²⁷ Kven som har samtykkekompetanse, bortfall av samtykkekompetanse og representasjon er regulert i pasient- og brukarrettslova kapittel 4.

²⁸ Pasient- og brukarrettslova § 4A-3.

²⁹ Pasient- og brukarrettslova § 4A-3.

³⁰ Pasient- og brukarrettslova § 4A-5.

³¹ Pasient- og brukarrettslova § 4A-4.

³² Pasient- og brukarrettslova § 4A-4, 2. og 3. ledd.

I ei sak frå Bergen tingrett vart vilkåra for tilbakehalding i sjukeheim rekna for oppfylte for ein KOLS-pasient med behov for oksygenapparat, som var stor-røykjær og i tillegg hadde ein psykiatrisk diagnose. Pasienten fekk ikkje oksygenbehandling i eigen heim av tryggingsmessige årsaker, og tingretten uttalte at dei mange akuttinnleggingane hennar på grunn av livstruande lågt oksygeninnhald i blodet viste at det kunne føre til vesentleg helseskade dersom vedkommende ikkje budde på sjukeheim.

Tvangsvilkåra i pasient- og brukarrettslova kapittel 4 A kan ikkje brukast på pasientar med samtykkekompetanse. Vilkåra kjem difor ikkje til bruk overfor samtykkekompetente pasientar som ønskjer å bu heime under tilhøve som kan føre med seg stor brannrisiko. I desse tilfella må det setjast inn andre førebyggjande tiltak i samarbeid med pasienten sjølv. Tenestetilbodet skal etter pasient- og brukarrettslova § 3-1 så langt som mogleg utformast i samarbeid med pasient og brukar. Kommunen sitt helse- og omsorgsfaglege arbeid for å ta hand om branngryggleiken til tenestemottakarar bør søkje å byggje tillit gjennom å skape gode relasjonar med pasient eller brukar. Ved å etablere gode relasjonar til tenestemottakar kan kommunen få samtykke til å setje i verk brannførebyggjande tiltak som pasient eller brukar i utgangspunktet ikkje samtykte til.

3.2.6 ANDRE TVANGSREGLAR I HELSELOVGJEVINGA

Det er også gjeve tvangsreglar for andre pasient- og brukargrupper i *helselovgjevinga* der førebygging av alvorleg brannskade kan inngå som eit moment i vurderinga av om vilkåra for tvangsbruk er oppfylte. Aktuelle regelverk er *helse- og omsorgstenestelova kapittel 9* som gjeld for personar med psykisk utviklingshemming og *kapittel 10 i same lov* som gjeld rusmiddelavhengige.

Tvungent psykisk helsevern kan skje når vilkåra i lov om psykisk helsevern er oppfylte. Eit av tilleggsvilkåra er at psykisk helsevern er naudsynt for å hindre at pasienten på grunn av den alvorlege sinnslidinga si «utgjer ein nærliggjande og alvorleg fare for eige eller andres liv eller helse».³³ Det tvungne vernet kan til dømes gjennom medisinering bidra til at pasienten avstår frå å utføre handlingar med stor brannrisiko.

³³ Lov om psykisk helsevern § 3-3.

3.2.7 ANSVARET TIL KOMMUNANE UTOVER SJØLVE HELSEHJELPA TIL DEN ENKELTE BRUKAR/PASIENT

Kommunen har i tillegg til ansvaret for helse- og omsorgstenester³⁴ også ansvar for å drive helsefremjande og førebyggjande arbeid i kommunen.³⁵ Dette vil seie ei lang rekke tiltak som omfattar råd og rettleiing basert på frivillig deltaking frå enkeltpersonar, pasientar og pårørande.

Kommunen skal sikre ei helse- og sosialfagleg tilnærming til rådgjeving og rettleiingsarbeidet. Helse- og omsorgstenesta skal også bidra til kommunen sitt ansvar for å ha oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar i kommunen, jf. *folkehelselova*.³⁶ Tilhøve som helse- og omsorgstenesta avdekkjer i sitt daglege arbeid bør vere med å danne premissane for folkehelsearbeidet i kommunen slik at problem som kan førebyggjast ikkje oppstår eller reduserast.

Ansvaret til kommunen for naudsynte helse- og omsorgstenester vil også seie ei plikt til å legge til rette for samhandling mellom ulike deltenester internt i kommunen og med andre tenesteytarar dersom det er naudsynt for å tilby naudsynte helse- og omsorgstenester.³⁷ Samarbeid mellom helse og brann om systematiske besøk i bustader er eit døme på dette. Samtykke frå pasienten/brukaren må som hovudregel føreliggje før helsepersonell kan utveksle opplysningar med brann- og redningsvesenet, og besøka må vere baserte på frivillig samtykke frå pasient/brukar.

I tilfelle der kommunane er uteigar gjev *husleigelova* § 5-6 uteigar tilgang til husrommet for tilsyn uavhengig av samtykke frå legetakar dersom det er gjeve melding i rimeleg tid.

³⁴ Helse- og omsorgstenestelova § 3-1 og § 3-2.

³⁵ Helse- og omsorgstenestelova § 3-3.

³⁶ Folkehelselova § 5-

³⁷ Helse- og omsorgstenestelova § 3-4.

3.3

DØME PÅ BRUK AV REGELVERKET

Vurderinga frå Helsetilsynet av to dødsbrannar i Trondheim slår fast eit klart ansvar for kommunen til å ta hand om branngryggleiken hos heimebuande risikoutsette grupper etter helse- og omsorgslovgjevinga. Det vart også gjeve føretaksbøter til kommunen av politi/påtalemakt:³⁸

3.3.1 DØDSBRANN I OMSORGSBUSTAD 6. DESEMBER 2005

SKILDRING AV SAKA

Den omkomne budde i ein omsorgsbustad og stod sjølv som eigar av bustaden. Det var fatta vedtak om «heildøgns omsorg». Vedtaket gjaldt både heildøgns omsorgstilbod til praktisk hjelp, personleg pleie og naudsynt helsehjelp. Etter eit branntilløp i 2004 fekk brukar forbod mot å røykje utan tilsyn. Frå hausten 2004 vart tryggingsalarmen i periodar fjerna. Grunnen var ofte utløsing av alarmen. Også då brannen oppstod var tryggingsalarmen fråteken brukar. Ingen av dei tre personane i naboleilegheita meinte å ha høyrd lyd frå leilegheita medan brannen pågjekk, og det viste seg seinare at det ikkje var batteri i røykvarslaren i leilegheita til den omkomne.

UTDRAG AV VURDERINGA FRÅ HELSETILSYNET AV SAKA

- Det er eit grunnleggjande krav for fagleg forsvarleg verksemد at personar som har behov for heildøgns omsorg får dette. Dette betyr å sikre forsvarleg tilsyn gjennom heile døgnet. I tilfelle der heildøgns omsorg blir gjeven i eigen bustad i staden for i institusjon, må den pleietrengande sjølv vere i stand til, og ha høve til, å påkalle hjelp. Det at den pleietrengande i denne saka i periodar vart fråteken tryggingsalarmen, må reknast som eit markant avvik frå kravet om forsvarlege tenester i helsepersonellova.
- Sjølv om det primært er eigar/leigar av bustaden som har ansvaret for å sikre at brannvarslar i omsorgsbustaden er i stand, burde kommunen i ein slik type bustad hatt eit system som sikrar at slike varslingsapparat til ei kvar tid er intakte.
- Kommunen mangla systematiske tiltak med kontroll for å avdekke brot på rutinar som skal sjå til etterleving av styremaktskrava. Kommunen har difor ikkje følgd opp internkontrollplikta si i denne saka.

KONKLUSJON

Statens helsetilsyn fann at det var grunnlag for å vurdere føretaksstraff mot Trondheim kommune etter helsepersonellova § 67, jf. § 16, jf. § 4, samt internkontrollforskrifta § 4. Det vart seinare gjeve ei føretaksbot på kroner 500 000.

³⁸ Brev frå Helsetilsynet Sør-Trøndelag til Statens helsetilsyn 29.03.2006.

3.3.2 DØDSBRANN I EIGEN BUSTAD 23. FEBRUAR 2009³⁹

SKILDNING AV SAKA

Den omkomne budde i eiga leilegheit, var dement, røykte og hadde stort behov for hjelp. Ho skulle få institusjonsplass, men var på venteliste. Bekymringsmeldingar var blitt formidla ei rekke gongar frå pårørande.

UTDRAG AV VURDERINGA FRÅ HELSETILSYNET AV SAKA

- Det er alltid mogleg at pleietrengande (demente*) som bur åleine kan gjøre noko i leilegheita som fører til fare for brann. Difor skal ei kartlegging og ei risikovurdering inngå i kartlegginga av hjelpebehovet til pasienten.
- På grunn av den store skaden og det fatale utfallet ein svikt her kan få, skal dei tiltaka det er mogleg å gjennomføre setjast i gang tidleg i forløpet. Risikoien for brann aukar sterkt for dei som bur åleine i eigen heim. Tilsynet peikar på ulike tiltak for å redusere brannrisikoien, som å installere tryggleiksbyttarar og tryggingsalarmer med brannvarslar, fjerning av risikokjelder, hjelp med oppgåver som er særleg risikofylte, auka tilsyn mv.
